

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 10.2.15

Stad: Fjordsenteret

Sak 4/15. Høyring: Forslag til forenkling av utmarksforvaltinga

Saksutgreiing med framlegg til høyringsuttale låg føre.

Samrøystes vedteken uttale:

Fjellstyra og fjelloppsynet si rolle

Fjellstyret støtter fullt ut Norges fjellstyresamband sin høyringsuttale, som går inn for overføring av fleire oppgåver frå Statskog SF til fjellstyra, og at ein satsar på styrking av fjelloppsynet som heilskapleg naturoppsyn på statsallmenningar som har etablert oppsynsordning. I tillegg vil fjellstyret peika på nokre moment som ikkje er nemnde i uttalen frå fjellstyresambandet:

- Mange fjellstyre fungerer som lokale utviklingsaktørar på utmarksfeltet, med dei tilsette i fjelloppsynet som sentrale bidragsytarar. Store endringar i organiseringa kan føra til at denne funksjonen fell vekk, med lågare lokal verdiskaping som konsekvens.
- Dei fleste fjellstyna har eit nettverk av dugnadsinnstilte bygdefolk som er med og held oppe tilbodet til brukarane av statsallmenningen. Dette nettverket vil verta vanskeleg å behalda dersom kommunane skulle overta fjellstya sine forvaltingsoppgåver.
- Brukarane kan, i større grad enn i dag, slusast vidare frå kommune til fjellstyre, når det gjeld spørsmål der fjellstyret er forvaltingsstyresmakt (jakt, fiske, jordbrukstilknytte rettar i statsallmenningen). Ikkje minst gjennom bruk av lenker på kommunane sine heimesider. Det er mange stader rom for eit utvida samarbeid i høve til det ein har i dag.

Villreinforvaltinga

Etter at villreinnemndene vart omorganiserte for få år sidan, har dei funne ei form som gjer at dei fungerer svært godt i samspel med andre forvaltingsorgan, ikkje minst med det grunneigar- og fjellstyrebaserete villreinutvalet. I det føreslegne utmarksstyret er det ikkje tanken at medlemane skal veljast mellom personar som har særskilt god kunnskap om/interesse for villrein, men ha representantar for næringsdrivande, grunneigarar, miljø- og friluftsinteressene, i tillegg til at villreininteressene *bør* vera representert der det er relevant. Dette vil føra til ei mindre kompetent villreinforvalting enn den ein har i dag. I tillegg er det i mange område lite geografisk samanfall mellom villreinområde og verneområde, noko som gjer det vanskeleg å sjå korleis dette forslaget skal gjennomførast i praksis.

Eit område som har potensial for forenkling, er handsaminga av søknader om løyve til motorisert ferdsle innanfor verneområde. Her ville ein, ved at søknaden går til kommunen, som samordnar handsaminga med verneområdeforvaltinga, kunna spara inn ein del, og gje det enklare for brukarane. Det same gjeld truleg når det er snakk om saker som skal handsamast etter plan- og bygningslovverket innanfor verneområde.

Aurland, den 11.2.14

Utskrift til:

Fjellstyremedlemane og
-varamedlemane,
Aurland folkebibliotek